Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 2

Tilleggsspørsmålnr.

Emne:

Oppskr. av: Imenes, Jonn. A.

(adresse): Ronden.

Fylke: Aust-Agder

Herad: Landvik

Bygdelag: Øvre og nedre Landvik

Gard: Imenes

G.nr. 78 Br.nr. 4

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eiga røynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

## Transport av høi

1.

Der er slåer slåttemyr på mendre garar og husmanns plasser. Å slå i utmarka held dei enno på med på garane i Øvre Landvik. I nedre Landvik eller kyststrøket er dei for lang tid sidan slutta med å slå i utmarka.

2

Å frakta høiet til utløa brukte dei farnmest å bera høiet i byrer. Dei brukte taug med hegd som dei lå dobbelt. Så kjemmed dei høiet i kjemmer, frakta det godt på einannan, og no dei hadde fått so mykje i taueth, som dei kunde bera, kneip dei byra hart til. Dei brukte elles ein slede, når det var lengere veg å frakta høiet frå slåtte plassen til utløa. På dei øvre gardane i Landvik hadde dei fleire utløer. Fennhøiet var verst og handsama, då det var so kort. Då hadde dei lengere høi i utkanten av byra og fennhøiet i midten.

Når ein skal bera høybyra held ein taudet over begge akslar. Der ligg helst i ein bakke, for då er det ikkje vanskeleg å reisa seg med byra

2943

Dei trekkjer lasset hardt til, så byra ligg fast på ryggen. Det kunde stundom hende att dei var to og den eine hjelpte den andre, med å reisa bog med byra, eller greidde dei det jamt aleine. Dei var jo vel vande med dette arbeide, som dei hadde drive på med i mange år. Eg har höyrt gjete, att dei bruka å slå saman eit sovore reidskap som nemnd.
Dei hadde tvo stenger og over stengene laga dei tverslag av bord i passeleg avstand frå kvarandre. So la dei höiet på i hjemmet og laut eit tau i eine enden og trekte det til og feste det i hin enden nar dei hadde lasset ferdig. Dei gjekk tvo mann ein i kvar ende og bar höiet på denne måten til löa. Dei kunde bera um lag eit kvart skippund på denne måte.

3.

Dei köyrde höiet heim på vinterföre.

4.

Dei brukte slede til å frakta höiet heim på vinterföre. Det var ein alm. slede som dei eller bruka å frakta ved på. Höisleden var ca $\frac{1}{2}$ m brei og omlag $3\frac{1}{2}$ m lang. Dei kann under köyring i endmarka köyra ca 2-3 skippund. Nar lasset er ferdig lest. har dei eit flatt bord passende til trommets lengd. Til höiing i innmarka brukar dei firhjuls vogn. Det bordet som dei brukar og pera lasset saman med kallar dei krepelbord det ser soleis ut  I den eine enden har dei bunde det fast i dei to hornar framme, so har dei eit juretau som dei trer inn i tverstreet i bakenden av lasset, so tar dei taget om ryggen, og trekkjer til av all den styrk dei har og binder det fast i sjölve trommet som har eit tverstre i bakenden til å feste det til med. Sume brukar

2943

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

ei Stong etter den for bor. I eine enden av stokken er eit ankrokk som dei fester tauget til, og eit lekkande anstell i den andre enden av stokken. Tauget var festa rundt ein take og det var knepa til på same måte som før nemnd. Er det vrangt å køyra t.d. bakkete slar ein eit tverrtog over lasset og knepe det, so kann dei køyra om det er aldri so bakkete og vrangt. Eit gamalt sogo hører det å nemna her.

På Stalldalen i Østre Landvik budde ein mann i 16 hundradtalet dei kalla Knut Trondson. Det var ein original kar. Det var umlag 1670 han budde der. Han hadde laga seg so'n sodd i ein slede til å køyra med i bratte reina. Staudene på eine meien var so høge og på hin meien so låge, att sleden kunde standa mest uppe og ned i bakken. Det var bare det leie, att når han slåpp ner frå Sletta med lasset laut han snu det i annan leida. For i dei tider brukte dei ikkje hjulvogn i Landvik bare slede.

5

Der var ikkje fellesslått sovidt eg veit, kvar mann køyrde for seg frå si slåttemark. All køyring gjekk for seg om vinteren. Utslåtter var det lite av i Landvik, då måtte ein lenger opp i landet t.d. Herefoss og Vegusdal. Var snøen høg hjalp dei kvarandre med å brøyta veg.

6

Transporten gjekk for seg på slede. Dei brukte gjerne heile dagen til å frakta høyet heim, so fleire dagar når dei hadde tid for anna arbeid.

2943
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

2943